

RETNINGSLINER FOR BRUK AV KOMMUNALT VILTFOND

1 Formål

Desse retningslinene skal vere rådgjevande for ein målretta bruk av kommunen sitt viltfond, innanfor rammene i *Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*. Tiltaka som får støtte frå fondet, må vere relevante i høve konkrete viltinteresser i kommunen.

2 Prioriterte satsingsområder i perioden(2002 – 2004)

- a Auke kunnskapane om viltet i alle lokale ledd.
- b Utvikle forvaltningsverktøy som kan gje ei best mogeleg forvaltning av viltressursane.
- c Stimulere til betre grunneigarorganisering basert på felles forvaltningspolitikk og driftsplanar.
- d Stimulere til auka interesse, utdanning, organisering og bruk av ettersøkshundar.

3 Generelle tilskot til førebyggjande tiltak

Støtte til førebyggjande tiltak skal avgrensast til særleg utsette områder eller verdfulle produksjonar, eller fellestiltak som kan redusere skadepresset i større områder, eller fellestiltak som kan gje ei forsvarleg jakt.

- A Permanente hjortegjerder
- B Straumgjerder eller kombigjerder
- C Andre varige førebyggjande tiltak

4 Midlar tilført fondet ved ekstraordinære tiltak

Slike midlar vert stilt til rådvelde for skadelidne i 3 år til førebyggjande tiltak for å redusere skade.

5 Søknad

Søknaden skal vere skriftleg og innehalde ei utgreiing om tiltaket, kostnadsoverslag og finansiering.

6 Tilskot

Storleiken på tilskotet til søknader under pkt. 2 a-c og 3 c vert vurdert på fritt grunnlag. Tilskot til permanent viltgjerde pkt. 3 a, opptil 20 % av kostnadsoverslaget, og straumgjerde pkt. 3 b, opptil 10 % av kostnadsoverslaget. Tilførte midlar etter pkt. 4, vert stilt den skadelidne til rådevelde i 3 år til førebyggjande tiltak for å redusere skade.

Som vedlegg til søknad skal det ligge ved utarbeid plan med kostnadsoverslag. Før utbetaling må arbeidet vere dokumentert og rekneskap føreliggje.

7 Administrasjon og løyving

Viltfondet vert administrert av LMK-kontoret som løyver midlar frå fondet. Løyvinga står ved lag i to år, og tiltak som ikkje er starta opp må søkje på nytt i konkurranse med andre. Tiltak som ikkje er fullført kan få fristen utsett med eitt år.

8 Klagerett

Avslag på søknader kan klagast inn for formannskapet. Reglane i Forvaltningslova kap. VI gjeld for klage og endring av vedtak.

9 Utbetalingar

Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75 % når tilsvarande del av tiltaket er fullført. Dei siste 25 % vert utbetalt når krava i vedtaket er oppfylte (rekneskap, sluttrapport m.m.) Ved andre løyvingar skal krav om utbetaling gå fram av vedtaket.